

HELSE OG SOSIALARBEIDERE

slutt dere til

FAGLIG 1. MAI-FRONT !

KAMP MOT DNA-REGJERINGA SIN HELSEFARLEGE
LØYVINGSPOLITIKK !

MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI
1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI
AI 1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI
1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI 1.MAI



FAGLEG 1. MAI FRONT 1975

Hovudprosesjon frå fisketorget kl. 11³⁰

Lokaltog frå Sandviken og Danmarks plass kl. 10

*1. mai frukost for helseseksjonen vert

tilskipa. Tid og stad seinare.

Helse- og sosialarbeidarar !

1. mai står for døra. Tilsette i helse- og sosialsektoren har dei siste åra brukt 1. mai til å fremja krava sine i klassekamp toga som har gått. Det skal vi gjera også i år. Dette er i tråd med dei beste 1. mai-tradisjonane.

Fagleg 1. mai front skal også i år ha ein eigen helse- og sosialseksjon der vi skal ta del og reisa kampkrava våre.

Kva er så dei viktigaste sakene som vi kjempar med på helse- og sosialsektoren, korleis vert vi angripne? Vi nemner her ifrå Bergen:

Løyvingane til Haukeland sjukehus er nedskorne tilsvarende 70 stillingar.

Vestlandsheimen: 40 stillingar radert bort.

Neevengaarden: 23 1/2 av 85 sjukepleiarstillingar er fylte. Lite effektivt vert gjort, der som andre stader for å retta på slike tilhøve. Stilliane vert fylte med ufaglært arbeidskraft.

Bergen kommune har vedteke eit nytt krisebudsjett for sosialseksjonen for 1975, noko som går ut over nær sagt alle klient-grupper og forverrar dei tilsette sin arbeidssituasjon. Dette er kriminelt.

Kva er så grunnen til at slikt kan skje, kven er ansvarleg?

Jau, det heile skuldast DNA-regjeringa sin helsefarlege løyvingspolitikk!

Denne politikken vil rasere helse- og sosialstellet i heile landet og særleg i utkantstrøka. Kampen om lokal-sjukehusa og fødeheimane og hetsen mot sektoren er gode døme på denne politikken.

Dei ovannemnde sakene og mange fleire viser at det er naudsynleg for oss å reisa krava våre og gå til kamp mot DNA-regjeringa for på den måten å kjempa for betre tilhøve både for klientar og tilsette i sektoren. Denne kampen må reisast i fagrørsla, ved å gjera fagrørsla til ein kamporganisasjon. 1. mai er og eit særst godt høve til å markera krava.

Kvifor kjem så åtaka på helse- og sosialsektoren nett no ? Storkapitalen er i krise og treng kapital til investeringar særskilt i oljesektoren.

Bratteli & co dansar villeg etter storkapitalen si pipe. Ulensame eller lite profitable tiltak vert prioritert ned og freista rasert til fordel for oljesektoren.

Helse- og sosialsektoren er eit slikt tiltak.

Øg ikkje nok med det. Regjeringa brukar folketrygdfondet til å støtja ting som ingenting har med helsesektoren å gjera. Dette er eit hån mot sektoren!

Dette er høgresosialdemokratiet sitt klassesamarbeid. Det er rett å kjempa mot DNA sin folkefiendtelege politikk!

1. mai i Bergen i år vert der to tog. Samorganisasjonen sitt tog er eit parlamentarisk taktikk tog for DNA. To av hovudparolane: Bergen by, arbeiderstyrt på ny! Kamp mot imperialismen! Vi har sett nok av DNA sitt "arbeidarstyre" og deiira "antiimperialisme" til å veta kva slike parolar er verd.

Det er med djup sorg vi konstaterer at SV har funne å vilja gå i dette hyllingstoget til DNA/LO-leinga sin rotne samarbeidspolitikk med storkapitalen.

Fagleg 1. mai front er det einaste toget som går mot DNA/LO-leinga sin klassesamarbeidspolitikk og som står på ei konsekvent klassekampline. Det er og det einaste konsekvent antiimperialistiske toget med front mot begge supermaktene USA og Sovjet.

Fagleg første mai front tek opp i seg alle sider av folket sine kampkrav og viser breidda i dei folkelege kampane. Parolane vert avgjorde av representantar for grunnplanet i fronten, ikkje av ein gjeng byråkratar.

Det vert ikkje kravt at ein skal ta standpunkt til alle parolane, men ein kan ikkje gå imot nokon av hovudparolane.

Gjer 1. mai til ei kraftig markering av krava våre og til ei inspirasjonskjelde for den vidare kampen!

FRAM FOR HELSE- OG SOSIALARBEIDARANE SIN FAGLEG 1.MAI FRONT!

Nokre av dei viktigaste parolane med atterhald om formulering.

KAMP MOT DNA-REGJERINGA SIN HELSEFARLEGE LØYVINGSPOLITIKK!

- * Haukeland og Vestlandsheimen: Nei til nedskjeringar !! Auk antall stillingar!
- * Haukeland sykehus: 96 dagheimsplassar på 2500 tilsette. Vi krev fleire!
- * Kamp mot nedleggjing av lokalsjukehus og fødeheimar!
- * Opprett fleire offentlege lækjarstillingar
- * * Frifinn dei tiltalte i Gro-saka, sett styresmaktene på tiltalebenken.
- * Solidaritet med dei trygda! Nei til tvangs-trygding! Forsvar retten til arbeid !
- * * Kamp mot Bergen kommune sin folkefiendtelege løyvingspolitikk
- * Hev sosialhjelpsatsane over eksistensminimum.
- * Vi krev retten til fast tilsetjing ved Neevengaarden.
- * Våpnet i kampen for betre kår: Kjempanæ fagforeiningar!
- * Ytringsfridom og streikerett også i helse- og sosialsektoren!

AUKA LØYVINGAR ; TA PENGANE FRÅ STORKAPITALEN ; AV IS AUKA SKATTEBØRER PÅ FOLKET!

Følgjande representantar for Fagleg 1.mai front sine lokal-
komitear, og privatpersonar oppmodar personar og foreiningar
til å stø Fagleg 1.mai front sin helse- og sosialseksjon.

Gunnar Tveiten, pleiar
Lok. kom. Neevengaarden.

Elisa Kjærstrud, avdelingshjelp
Lok. kom. Haukeland.

Per Knutsen, sosionom
Lok. kom. sosialseksjonen.

Kenneth Larsen, pleiar
Lok. kom. Vestlandsheimen.

Anne Johansen, sjukepleiar
Lok. kom. Røde Kors

Torunn Forbord, stud. odont.
Lok. kom. odont. inst.

Ivar Mediås, stud. med.
Lok. kom. med. fak.

Yngve Sæterås, pleiar
Form. i tillitsmannsutvalget
Neevengaarden.

Hallgjerd Skivenes, kontorass.
Sekretær i sykehusenes
personalforening, avd. Bergen.
Repr. i Bergen Samorg.
AU i Kvinnefronten.

Syremedl. i sykehusenes
personalforening, avd. Bergen

Anne Marie Berge, hjelpepleiar

Solveig Vadla, praktikant

Liv Halvorsen Sæterås,
Barnevernspedagog

Steinar Westin, lege.

Jon Vaardal-Lunde, tannlege

Jon Arne Jørstad, stud. psykol. Audun Hammer, stud. med.

Dag Lothe, sykepleierelev.

Åge Steinset, psykolog

Bjørn Karlsen, stud. psykol.

Ketil Johnsen, lærar

Asbjørn Nilsen, pleiar

Hans Gustafsson, sosionom

Slutt opp om Faglig 1.maifront !

